

RELV102 Kristendomen, jødedomen og islam

Emnerapport, haustsemesteret 2018

Praktisk gjennomføring

Undervisinga bestod av 25 forelesingar, fire samanliknande og sju om kvar og ein av det tre religionane jødedom, kristendom og islam, og i tillegg ti seminar. Inga undervisning var obligatorisk. Master i religionsvitenskap Helle Braae var seminarleiar, doktor i religionsvitenskap Hans Geir Aasmundsen og prof. Håkan Rydving var forelesarar.

Strykprosent, fråfall og karakterfordeling

135 studentar hadde meldt seg opp til kurset. Mellom 50 og 80 studentar deltok i forelesingane og 106 møtte til eksamen. Av dei fekk 91 godkjent resultat. Fordelinga av karakterar blei sju A, 20 B, 33 C, 17 D, 14 E og 15 F. Gjennomsnittskarakteren blei C.

Kommentar til studentevaluering

Etter eksamen sende eg ut ei evaluering til studentane gjennom skjemaker.app.uib.no. Berre 22 studentar har til dags dato (14.2.2019) svara på undersøkinga og derfor er resultatet langtfrå representativt. Men eg er takksam for ris og ros om gruppeundervising, forelesingar og litteratur, og dessutan for fleire gode framlegg om korleis kurset kan bli betre. Dei blir viktige å ta omsyn til i planeringa av kurset innfor hausten 2019.

Studieinformasjon og dokumentasjon

Informasjon om kurset har vore tilgjengeleg på Mitt UiB og blei gjeve i byrjinga av den første forelesinga og kontinuerleg under kurset.

Tilgang til relevant litteratur

Litteraturen bestod av fire monografiar, ei bok om kvar og ein av de tre religionane og ei samanliknande bok, og i tillegg tre hefte med originaltekster i omsetjing frå dei tre religionane. Bøkene fanst tilgjengelege i bokhandel og på universitetsbibliotek og hefta med religiøse tekster på Mitt UiB i byrjinga av semesteret.

I tillegg til litteraturen la eg ut ei liste med døme på romanar og novellesamlingar ein kunne lese i tillegg om ein fekk tid og hadde lyst.

Faglærers vurdering av rammevilkåra

Alt fungerte godt.

Lokalar og undervisningsutstyr

Alt fungerte godt.

Internasjonalisering

Litteraturen er i hovudsak på engelsk og tematikken global. Empiriske døme blei henta frå alle delar av verda. Religionsvitenskap omfattar alle tider og rom.

Internasjonalisering er derfor ein viktig del av identiteten til faget. Det gjeld i høg grad RELV102.

Samla vurdering til faglærar, inkl. forslag til forbetringstiltak

I hovudsak fungerte kurset godt, men dei som har svara på evalueringa har kome med fleire framlegg til endringar som eg vil ta omsyn til når eg planerer kurset for hausten 2019.

Bergen, den 14. februar 2019,

Håkan Rydving
(vikarierande emneansvarleg)